

Vindteknologien etablerer seg på Kollsnes

Industrien i regionen invitert med, godt besøkt seminar 25.mai. Vinturbinsenteret på Kollsnes kan utvikle seg til å bli ein møteplass og ein motor for utvikling av kompetanse, produksjon og teknologifornyning. Eigna lokale på staden, møteplassar mellom leverandør og tingar, samhandling med FoU-miljøa, kunnskapsoverføring frå petroleumsindustrien, og etablere Kollsnes som utstillingsvindu for teknologien er mellom dei konkrete framlegga etter seminaret.

Siste stopp på turen var Fiskarbondens marknad på Sartor Storsenter. Her fekk deltakerane ein smak av Glesværs berømte lakseburgarar, samt mulegheita til å smake og kjøpe regionens eige utval av lokale matvarer.



Utsetting av testmodellen til Sway på Kollsnes



Invitasjon til seminaret 25.mai

Prosjektleder Line Steinsland oppnådde det ho ynskte med visningsturen. "Det er gøy med så mykje positiv respons når folk oppdagar augesteinane her ute i øyriket, og ikke minst at det går opp for dei at opplevingane ligg så nær Bergen."

Kysteventyret har hatt fleire storlåtne besøk denne månaden. Berit Vetlejord og Marta Rongved Dixon frå Hordaland fylkeskommune hadde ynskje om å gjere seg litt meir kjende i Kysteventyret. Vi tok dei med til Sund kor dei fekk ei vestlandsforteljing ved Selstøbuene, etterfølgd av havørnsafari. Etter mykje frisk luft var vi sjølv sagt svoltne, og ein middag på Glesvær Kafe var på sin plass. Vi var også innom Panorama konferansehotell for omvisning, og avslutta dagen med ein tur ombord på galeasen Loyal.

Neste dag inviterte vi Jan Morten Nesse, som er prosjektleder i Vandring i Hordaland, på omvisning i Kysteventyret. Dette vart ein innholdsrik dag der vi var innom alle kommunane i regionen. Det vi fokuserte på denne dagen, var å vise fram aktivitetar og attraksjonar som kan knytast opp mot vandreløyper. Gjennom prosjektet skal turløyper løftast fram i reiselivssamanheng og marknadsførast nasjonalt. Kysteventyret håper at regionen kan få med nokre løyper i denne samanhengen.

Kompetanseforum Vest etablert

SMB-verksteder innan mekanisk og teknologisk industri kom saman i Høgskolen sine lokale på Straume 19.mai, og diskuterte aktivitetar og oppgåver for Kompetanseforum Vest.

VNR og Høgskolen i Bergen er samarbeidspartnarar med Gode Sirkclar for å arbeide fram dette tiltaket. Aktivitetar og prosjekt skal vere brukarstyrte, det vil seie at verksemdene sjølve avgjer kva som blir sett i gong. Etter samlinga 19.mai er det definert fire konkrete framlegg til prosjekt, som Gode Sirkclar no vil legge fram for programkomiteen i forumet, til nærare drøfting og avgjerd.

Eit tjuetals verksemdar var bedne inn til oppstartmøte. Ordførar i Fjell, Eli Våge Berland, opna møtet. Deltakarane fekk også med seg foredrag av Yvonne Torgersen, Jens Kristian Fosse og Terje Skarlo, for samtalen om korleis vidareføringa skal vere.

Regionalt Næringsforum Hordaland orienterte seg om regionen

Utvalet som har forma ut Hordaland fylke sin næringsstrategi, fekk omvisning og orientering i kommunane 26.mai. Gjennom visning og orienteringar frå aktørane fekk deltakarane innblikk i viktige satsingar i regionen:

- Naturgassparken og den komande vindturbinklynga på Kollsnes
- Kysteventyret og reiselivsprosjektet
- Aktiviteten på CCB
- FMC sin ståstad og utvikling i regionen
- NCE Subsea
- Planane for Kystbyen
- Høgskolen i Bergen sitt tilbod tett på industrien i området
- Marin satsing med hovudvekt i Sund.

Utvalet møtte ordførarane i alle tre kommunane. Olav Martin Vik frå Øygarden er òg leiar av regionrådet, som er ein viktig samarbeidspartnar og premissleverandør for Gode Sirkclar i arbeidet med næringsutvikling.

Vellukka visningstur med Kysteventyret

Kysteventyret inviterte til visningstur til Kystmuseet, Fjell festning og Fiskarbondens marknad.


4. mai møtte spente menneske opp på Bystasjonen og sette seg på bussen som vendte i retning mot øyriket vest for Bergen. Deltakarane på turen var frå både reiselivsbransjen, næringslivet, lag og organisasjonar. På Kystmuseet fekk dei oppleve ressurshistoria. Dei to alternative utflyktane gjekk til gassanlegget på Kollsnes, og til Øygarden visningssenter for laks og aure. Deretter vendte bussen tilbake til Fjell kommune der Festninga var neste stopp. Her fekk deltakarane omvisning i den enorme krigslabyrinten, og alle vart mektig imponerte. Sjå her for artikkel om turen: <http://www.vnr.no/index.php?valg=nyhet&nyhet=166>

Siste stopp på turen var Fiskarbondens marknad på Sartor Storsenter. Her fekk deltakerane ein smak av Glesværs berømte lakseburgarar, samt mulegheita til å smake og kjøpe regionens eige utval av lokale matvarer. Prosjektleder Line Steinsland oppnådde det ho ynskte med visningsturen. "Det er gøy med så mykje positiv respons når folk oppdagar augesteinane her ute i øyriket, og ikke minst at det går opp for dei at opplevingane ligg så nær Bergen."

Kysteventyret har hatt fleire storlåtne besøk denne månaden. Berit Vetlejord og Marta Rongved Dixon frå Hordaland fylkeskommune hadde ynskje om å gjere seg litt meir kjende i Kysteventyret. Vi tok dei med til Sund kor dei fekk ei vestlandsforteljing ved Selstøbuene, etterfølgd av havørnsafari. Etter mykje frisk luft var vi sjølv sagt svoltne, og ein middag på Glesvær Kafe var på sin plass. Vi var også innom Panorama konferansehotell for omvisning, og avslutta dagen med ein tur ombord på galeasen Loyal.

Neste dag inviterte vi Jan Morten Nesse, som er prosjektleder i Vandring i Hordaland, på omvisning i Kysteventyret. Dette vart ein innholdsrik dag der vi var innom alle kommunane i regionen. Det vi fokuserte på denne dagen, var å vise fram aktivitetar og attraksjonar som kan knytast opp mot vandreløyper. Gjennom prosjektet skal turløyper løftast fram i reiselivssamanheng og marknadsførast nasjonalt. Kysteventyret håper at regionen kan få med nokre løyper i denne samanhengen.

Folketalsframskriving 2030, høg nasjonal vekst. Kjelde SSB.



50 000 innbyggere i 2030: figuren viser SSB sin fremskriving av folketallet i kommunene til 2030. Tallene er basert på en modell for høy nasjonal vekst, men tar ikke hensyn til at regionen er et vesentlig oppland for Bergen. Så kanhende vi skal runde av SSB sine 43.319 innbyggere til vårt eget estimat 50.000? Da har vi rom for verdiskaping, kulturell vekst og gode samfunn. Og de som blir født nå, kan gå ut fra videregående skole dette året, og trygt satse fremtiden sin her.